

HARDANGERVIDDAPROSJEKTET FOR  
TVERRVITENSKAPELIG  
KULTURFORSKNING (HTK)

J.nr. 103/71/AF/VM.

5010 BERGEN - Møhlenpris, 23/4 - 1971.  
Postboks 2769Universitetets Oldsaksamling  
Frederiks gt. 2  
OSLO 1

Deres ref.:

Vår ref.:

Spyspiss innlevert til HTK.

Gjennom ein av registrantane våre, Tore Bjørge, har vi fått innlevert ein lausfunnen spyspiss frå Hardangervidda, nærare bestemt frå området sør for riksvegen Eidfjord - Haugastøl og aust for Veslekrækkja i Hol kommune, Buskerud.

Funnet vart gjort i fjor haust av Arne Moslåttén, 3579 TORPO. Han har skildra funnstaden såleis: "Hvis en går opp lia mot sør fra øvre os av Veslevatnet i elva Grøna og kommer opp på høgda over mot Krækkjahallane, var det der ved sida av ein nokså stor stein. Spissen lå heilt oppå bakken inntil stein!" (Sjå kartblad Hein 1515 IV i serien M711).

Finnaren ville gje spissen til rette vedkomande, d.v.s. Oldsaksamlinga i Oslo, og då han leverte spissen frå seg til Tore Bjørge, vart han lova takkediplom for gåva.

./.. Finnaren og informanten, Einar Vindegg, 3570 ÅL, var begge interesserte i nærare opplysningar om spissen. Vi har i dag sendt svar på deira spørsmål (gjenpart som vedlegg), men er hermed så fri og ber om De vil innfri vår lovnad om diplom til finnaren.

I samsvar med tidlegare avtale vert spyspissen deponert hjå oss inntil vidare.

Med helsing

*Arthur Fasteland*  
Arthur Fasteland

forskningsstipendiat

*Reservant*Vedlegg: 1.

23/4 - 1971.

Arne Moslåtten  
3579 TORPOSpydspiss innlevert til HTK ved registrant Tore Bjørge.

Spydspissen De fann på Vidda i fjor haust og seinare sende til Tore Bjørge, er no deponert hjå Hardangerviddaprojektet for Universitetets Oldsaksamling, Oslo. De vil seinare høyra nærare frå Oldsaksamlinga, men vi kan seia fylgjande om sjølve funnet:

Dette er heilt visst ein spydspiss. Etter det vi veit går ikkje denne typen attende til førhistorisk tid. Han har derimot etter alt å døma vore nytta i mellomalderen, det vil seia tidsrommet frå kring 1030 - 1530 e. Kr. Kvifor han er bøygd framme i odden kan vi ikkje seia noko om.

Vi seier oss svært leie for at De har måtta venta så lenge på svar. Det heng saman med at Hardangerviddaprojektet no er flytta over i nye lokale og at alt utstyret i lenger tid stod nedpakka i samband med flyttinga.

Beste helsing

Arthur Fasteland  
forskningsstipendiat

Tilskrift:

Arthur Fasteland  
HTK  
Postboks 2769  
5010 BERGEN-Møhlenpris

Gjenpart til:

Einar Vindegg  
3570 ÅLUniversitetets Oldsaksamling  
Frederiks gt. 2  
OSLO 1

C.33461



UNIVERSITETET I BERGEN  
HISTORISK MUSEUM

N-5014 BERGEN, 7. sept. 1977  
Postboks 25

Vit.ass. Petter B. Molaug  
Universitetets Oldsaksamling  
Frederiks gt. 2  
OSLO 1.

Dykkar ref.: PBM/EH

SPYDSPISS FRÅ HOL.

Det vert synt til brev av 31. august i år og til telefonsamtale den 6. september.

Spydspissen, C 33461, fylgjer vedlagt. Vonar det er rett at spissen er katalogisert tidlegare slik eg meiner å hugsa.

Beste helsing

Arthur Fasteland